

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dato	23.04.2025
Vår referanse	2025/28352-6
Dykkar referanse	dca63201-cfd8-4302-9c08-
Sakshandsamar	06f99ed3316a
E-post	Siri.Hanson
Telefon	Siri.Hanson@vlfk.no

Høring - søknad - økt slukeevne - Tveitelva kraftverk - Kvinnherad kommune

Oppsummert administrativt innspel frå Vestland fylkeskommune

Vi legg til grunn at søkjar og energi mynde har set seg inn i Regional plan for fornybar energi 2023-2035, Regional plan for klima 2022-2035 og Regional plan for vassforvaltning for Vestland vassregion 2022-2027.

Endra slukeevne kan få følger for vassmiljøet som ikkje kjem fram i snittdata og tekniske berekningar åleine. Vi oppmodar difor om at det vert gjort ei breiare økologisk vurdering før eventuell godkjenning. Det er viktig å ikkje undervurdere moglegheita for negative effektar, sjølv ved tilsynelatande små justeringar.

Vi har ingen merknadar knytt til kulturminne.

Bakgrunn

NVE har fått ein søknad frå Tveitelva kraftverk AS, datert 22.3.2021, om løyve etter vassressurslova til å auke slukeevna i Tveitelva kraftverk til 2,1 m³/s. Konsesjonsgitt slukeevne er på 1,76 m³/s. Endringa vil auke årsproduksjonen med 6 %, frå 10,4 til 11,0 GWh/år.

Den auka slukeevna vil gi om lag 4 % reduksjon i gjennomsnittleg vassføring. I eit normalår blir det 9 færre dagar med overløp. I tørre år er talet lågare, medan det er høgare i våte år. Søknaden er tilgjengeleg på NVE si nettside: www.nve.no/8811/V.

Den opphavelige vassdragskonsesjonen frå 2007 og NVE sitt bakgrunn for vedtak, er tilgjengelege på NVE si nettside: www.nve.no/4573/V. Søknaden skal behandlast etter reglane i vassressurslova kapittel 3.

Søknaden er sendt på høring med frist 01.05.2025.

Vurdering

I utgangspunktet er Vestland fylkeskommune positiv til auka produksjon frå fornybare energikjelder Kulturminne for stabil og positiv kraftbalanse og bidrag til å kutte klimagassutslepp jmf Regional plan for fornybar energi 2023-2035

Kulturminne

Vestland fylkeskommune har ingen merknader til søknad om auka slukeevne for Tveiteelva kraftverk som gjeld kulturminne.

Vi gjer likevel merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune, og arbeidet stansast til funnet er vurdert.

Vassmiljø

Vestland fylkeskommune er vassregionmynde etter vassforskrifta og uttaler seg med utgangspunkt i dei lovsatte miljømåla. Det generelle miljømålet er minimum god miljøtilstand for vassførekomstar innan 2027. Regional vassforvaltningsplan skal leggjast til grunn for offentleg planlegging og verksemd i regionen, jf. vassforskrifta § 29 og plan- og bygningslova § 8-2. Tveitelva er registrert med god økologisk tilstand som gjeldande miljøtilstand.

Elva er påverka av vasskraft, men er ikkje registrert som ein sterkt modifisert vassførekomst. Det vil seie at strengare miljømål gjeld for dette vassdraget. Sjølv om elva har avgrensa fiskebiologisk verdi, kan sjølv mindre inngrep påverke sårbare bestandar i små vassdrag. Søknaden byggjer på hydrologiske data frå 1982–2005, utan omsyn til klimaendringar og aukande risiko for ekstreme forhold. Endra slukeevne kan få følger for vassmiljøet som ikkje kjem fram i snittdata og tekniske berekningar åleine. Vi oppmodar difor om at det vert gjort ei breiare økologisk vurdering før eventuell godkjenning. Det er viktig å ikkje undervurdere moglegheita for negative effektar, sjølv ved tilsynelatande små justeringar

Med helsing

Sølve Dag Sundbø
seksjonsleiar
NPI - Grøn næringsinfrastruktur

Siri Hanson
seniorrådgjevar
NPI - Grøn næringsinfrastruktur

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

KVINNHERRAD KOMMUNE	Rosendalsvegen 10	5470	ROSENDAL
STATSFORVALTAREN I VESTLAND	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER